Dispensasjonssøknad etter plan- og bygningsloven § 19-2

Det søkjast med dette om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for utfylling i sjø på eigedom gnr./bnr. 76/151 i Herøy kommune.

Tiltaket omfattar ei mindre utfylling i sjø i tilknyting til eksisterande betongskråning og strandsone. Utfyllinga utgjer om lag 120 m² og er planlagt som opparbeiding og stabilisering av eksisterande strandsone.

Tiltaket går utover eksisterande føremålsgrense mot sjø og er ikkje eksplisitt heimla i reguleringsplanen. Det vert derfor søkt om dispensasjon etter Plan- og bygningsloven § 19-2.

Tiltaket er avgrensa i omfang og representerer ikkje etablering av nytt hamneanlegg eller vesentleg endring av eksisterande arealbruk. Utfyllinga vert etablert som ei naturleg vidareføring av eksisterande terreng og strandsone.

Tiltaket vert utført som ei stabil og kontrollert oppbygging med større steinmassar i botn for stabilisering av fyllinga og finare massar/sandfang i øvre lag for opparbeiding og avslutning av strandsone.

Området er allereie påverka av eksisterande naust- og sjørelatert aktivitet, og tiltaket kjem ikkje i konflikt med ferdsel i sjø eller kjende allmenne interesser.

Hensyna bak planen vert etter dette ikkje vesentleg tilsidesette. Tiltaket vil bidra til betre og tryggare bruk av eksisterande område og gi ei meir stabil strandsone.

Fordelane ved tiltaket vert vurdert som klart større enn ulempene.

På bakgrunn av dette vert det bedt om dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 19-2.

Med helsing

På vegner av tiltakshavar
K Voldnes AS